

Fra: Eldbjørg Raknes
Til: [Preben von der Lippe](mailto:Preben.von.der.Lippe)
Emne: Innspel om regionscenter/-nettverk
Dato: 3. april 2017 16:36:24

Innspel om regionscenter/-nettverk

Eg meiner mykje av det samme om dette som i 2011/12, faktisk: <http://www.ballade.no/sak/proff-kulturnasjon/>.

Og iallfall: At støtta til "nettverka" bør avviklast. Dei kan fortsetje nettverkinga si som dei vil, såklart. Region- og "kompetanse"-sentra (der dei sistnemnde stort sett heitte rockforum/rockaktør e.l. før Giske-penge-gulrota gjorde at dei døypte seg om) bør jo vel uansett samarbeide både med kvarandre, med interesseorganisasjonar, Music Norway, (Kreativt Norge?) og andre. - Med mål om å effektivt løfte og støtte og yte service til det frie feltet i heilheit (i tillegg til evt andre/eigne aktivitetar). På måtar som trengst/manglar - til eikvar tid og sett i kontekst, i heilheit.

Desse årlege statlege 4-5 millionane som har gått til "nettverka" bør ABSOLUTT inn i *støtteordninga for musikarar og ensemble* i Kulturrådet. Og denne potten bør plussast på med maaange millionar til! F.eks eit symfoniorkesterbudsjett. Oslo-filharmonien mottok f.eks ca 160 mill. frå staten i 2017. – Det kunne vere passande sum å dele ut, frå denne potten, til profesjonelle ensemble i det frie feltet? Altså ca 100 mill pr år meir enn i dag. (Utan å legge ned Oslo-filharmonien, ja☺.)

For at vi skal få til mest mogleg best mogleg musikk av ulikt og unikt slag, og for forskjellige publikum - lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt - trengst direkte støtte til profesjonelle, musikalske verksemder/band/ensemble i det frie feltet. Større handlingsom, meir forutsigbarheit, fleksibilitet og langsiktigheit.

Så. Set inn støtet i musikk-verkemiddeljungelen DER, no. Ver så snill.

Vedlagt eit par små bilete vi snakkar utfrå i undervisninga mi i faget *Entreprenørskap for musikarar*, NTNU, Trondheim.

vh

Eldbjørg Raknes

Musikar, komponist, bandleiar, plateselskapdrivar og

50% førsteamanuensis, Jazzlinja, IMU, NTNU, Trondheim - med ansvar m.a. for emnet Entreprenørskap for musikarar (for utøvande musikarar, jazz/klassisk/kyrkjemusikk)



